

# 25 ulike tresortar

Brukane av Nærøparken skal bli kjende med trea som veks der. No har Nærø Rotary sett i gang merking.

**STEINAR SANDVIK** | tekst og foto  
ssa@jbl.no

**TREMERKING:** – Når vi er på ferie i utlandet, ser vi at tre og andre vekstar i parkar er merka med namn, gjerne høgde og andre opplysningsar. Kvifor ikkje gjere noko slikt her? sa Svein Risa då medlemmer i Nærø Rotary sette i gang arbeid med merking av trea i Nærøparken.

– Vi går ikkje så langt som dei i utlandet, men held oss til norske og latinske namn på tresлага, fortel Risa. Han har hatt ei god runde i parken og funne ut at det er 25 ulike slag tre som veks i parken. 22 av tresortane kjenner han godt, men tre av trea i parken har

han ikkje funne namn på.

Ikkje alle trea vert merka, men tre av kvar sort får påskrudd eit stålmerke i høveleg høgd for lesing.

## Dugnad

Sist veke var eit tjuetals rotary-medlemmer på dugnad i parken med skilt, skruar og drill. Her skulle det arbeidast. Og med seg hadde dei med seg Ingunn Landsnes, landskapsarkitekt i Hå kommune. Ho skulle hjelpe til med namnet på dei ukjende trea. Men heller ikkje ho var heilt sikker på alle namna.

Etter ei runde gjennom parken vart det sett opp ei rekje merke på tre. Anette Vigrestad og rotarypresident Leif-Erik Nord-Varhaug hadde ikkje problem med å få skiltet på plass.

Nord-Varhaug presiserte under arbeidet at skruane ikkje måtte heilt inn. På utsida av skil-

tet er det ei kona stål fjør som skal halde skiltet på plass. Etter kvart som treet veks strammar fjøra seg slik at ikkje skiltet skjer seg inn i treet. Blir det for stramt, er det berre å løyse litt på skruen.

Ingunn Landsnes seier skiltet og skruen inn i treverket ikkje vil skade treet.

– Det vert eit lite og ope sår som vil gro ganske fort, akkurat som ei lita rift i huda forklarer ho.

## Heile Hå

Lars-Erik Nord-Varhaug fortel at Nærø Rotary også har planar om å merke andre friområde g parkar i kommunen.

– Vi ønskjer å gjere noko positivt for bygdene våre, seier Nord-Varhaug og legg til at Nærø Rotary har medlemmer frå heile kommunen.

I dag har klubben rundt 40 medlemmer, omlag ti av dei er



**MERKA:** Anette Vigrestad og rotarypresident Leif-Erik Nord-Varhaug festar merket til eitt av trea i Nærøparken.

kvinner, som samlast til møte kvar torsdag. Då vert det føredrag med ulike tema.

– Medlemmene betaler ei fast avgift, men vi har også eigne innsamlingar til ulike tiltak, seier Nord-Varhaug. – Mellom tiltak som får vår støtte er Rotary sin internasjonale poliokampanje, og

vi har kjøpt inn telt til katastrofeområde. Dette er telt som har alt nødvendig utstyr som ein familie treng. Dessutan legg vi også vekt på lokal støtte. Eitt slikt tiltak er merking av tre i Nærøparken, seier president Leif-Erik Nord-Varhaug.